

Kontrollutvalet sitt planarbeid

-Takk til FKT for arbeid med presentasjoner for medlemmene!



Lovfesta planar

- Det er 2 lovfesta planar for kontrollutvalet sitt område:
 - Plan for forvaltningsrevisjon
 - Plan for eigarskapskontroll
- Heimlar i kommunelova:
 - § 23-3. *Forvaltningsrevisjon*
 - § 23-4. *Eierskapskontroll*



Kommunestyret vedtek planane

- Skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Kontrollutvalet kan få fullmakt til å endre planen.
 - Bestemt i kommunelova
- Vedtakast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert.
 - Dvs i løpet av 2020 for denne valperioden.
- Skal bygge på risiko og vesentlegheitsvurdering



Viktig oppgave for utvala

- **Forvaltningsrevisjon og kontroll med eigarinteresser viktige oppgaver for kontrollutvalet**
- Kontrollarbeidet bør ikkje skje på «måfå»!
- Planarbeidet er difor svært viktig
- Planarbeidet gir kunnskapsgrunnlag for å ivareta kontrollfunksjonen
- Godt planarbeid gir stor sjanse for ein god plan!



Risiko- og vesentlegvurderingar

- Arbeidet er med på å gje kontrollutvalet naudsynt kunnskapsgrunnlag for å ivareta kontrollansvaret sitt.
- Det er ikkje konkrete krav til korleis risiko- og vesentlegvurderingar skal gjerast.
- **Risiko** = faren for at det kan finnast avvik frå td. regelverk, mål, vedtak og andre føringar som kommunen har sett for verksemda. Blir vurdert i 3 kategoriar (høg/medels/låg).
- **Vesentleg** = kor store er dei moglege konsekvensane av eit avvik. Blir vurdert i 3 kategoriar (høg/medels/låg).



Risikomatrise

		Konsekvens		
		Lav	Middels	Høy
Sannsynlighet	Høy	Ubetydelig risiko	Betydelig risiko	Kritisk risiko
	Middels	Ubetydelig risiko	Betydelig risiko	Kritisk risiko
	Lav	Ubetydelig risiko	Ubetydelig risiko	Betydelig risiko

	Ubetydelig risiko
	Betydelig risiko
	Kritisk risiko



Risikovurdering av kommunal verksemd

- Kommunen når ikkje måla sine
- Kommunen oppfyller ikkje lovkrava
- Kommunen utnyttar ressursane dårleg
- Kommunen etterlever ikkje politiske vedtak
- Utfordringar som kommunen har og vil få framover




Risikovurderingar selskap

- Ho/han som er vald til å forvalte kommunen sine eigarinteresser i selskapet gjer ikkje dette i samsvar med kommunale vedtak og føresetnader
- Selskapet driv ikkje i samsvar med dei måla kommunestyret har sett for eigarskapen
- Selskapet driv ikkje i samsvar med lover og reglar
- Selskapet driv ikkje på økonomisk forsvarleg måte
- utfordringar som selskapet har og vil få framover



NB! Ulike innfallsvinklar



Kven utfører?

- Kontrollutvalet avgjer kven som skal gjennomføre risiko- og vesentlegvurderingane
 - Kontrollutvalet sitt sekretariat
 - Kommunen sin revisor
 - Andre
- I våre kommunar (SEKOM) er det tinga frå Vestland revisjon KO med tittel «Overordna analyse» som tidlegare.



Planprosessen

- Det er ikkje nokon fasit på korleis denne gjennomførast.
- **Det er dei folkevalde i kontrollutvalet som skal vere i førarsetet!**
- Det viktige er at arbeidet fører fram til ein plan som kontrollutvalet og kommunestyret er komfortable med!
- Sekretariat, revisjon og administrasjonen har viktige roller i arbeidet.
 - Kunnskap og praktisk hjelp, men ikkje ta styring på prioriteringane!



Døme på prosess (SEKOM)

- Døme basert på SEKOM-kommunane.
- Overordna analyse er tinga hjå Vestland revisjon KO.
 - Den vert vedlegg til planen
- Sekretariatet førebur og legg til rette planarbeidet frå overordna analyse er levert til ferdig plan er sendt til kommunestyret



Felles plan

- SEKOM legg opp til ein felles plan med tittel:
 - Kontrollutvalsplan
- Hovudgrunn til felles plan:
 - **Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll konkurrerer om dei same ressursane for gjennomføring**
- Det er ikkje formkrav til planane, slik at det kan variere mellom kommunar
- Det må i tilfelle gå fram av planen at den dekker fleire lovheimlar



Kontrollutvalsplan



Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll



Møte 1

- Overordna analyse vert sendt ut som sakstilfang saman med informasjon om planlagt prosess.
 - 60 minutt presentasjon av Overordna analyse ved revisor
 - 15 minutt pause etter revisor sin presentasjon
 - 30 minutt: utfordringar / moglege revisjonsområde med nokre politikarar
 - 30 minutt: Oppsummering ved sekretariatet og drøfting av vidare arbeid
- Sekretariatet noterer hovudpunkt under vegs i møtet.




Møte 2

- Sekretariatet førebur sak med bearbeiding av innspela som kom i møte 1.
 - 30 minutt: Rådmannen og leiargruppa: Utfordringar / mogelege revisjonsområde
 - 30 minutt: Hovudtillitsvalde: Utfordringar / mogelege revisjonsområde
 - 15 minutt: Hovudverneombod: Utfordringar / mogelege revisjonsområde
- Ved slutten av møtet bør det ligge føre ei prioritert liste over prosjekt med stikkord om kva utvalet ønskjer å finne ut av (sak til kommunestyret).
- Alternativt ei uprioritert tilsvarande liste som vert handsama på nytt i eit tredje møte.



Møte 3 (om nødvendig)

- Kontrollutvalet kan trygt ha låg terskel for ekstra møte når de ser behov for det.
 - Fellesressursen med eit sekretariatselskap gjer at det ligg til rette for høg aktivitet i kontrollutvalet utan at kommunestyret må gjere tilleggsløyvingar.
- Sekretariatet førebur eventuelt vidare dei innspela som kom i første møte saman med diskusjon i møte 2.
- Ved slutten av møtet skal det ligge føre ei prioritert liste over prosjekt med stikkord om kva utvalet ønskjer å finne ut av (sak til kommunestyret).



Vedtak

- Planen skal vedtakast av kommunestyret
- Kontrollutvalet bør få fullmakt til å
 - Endre prioritering
 - Legge til nye prosjekt
 - Ta ut prosjekt
- Slike endringar vert mest aktuelle mot slutten av valperioden.
 - Mykje skjer i ein kommune på 4 år!

